



Arkivnr: 2014/19993-1
Saksbehandlar: Tor Ivar Sagen Sandvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		16.09.2014
Fylkesutvalet		24.09.2014

Fleksibilitet i fag- og timefordelinga

Samandrag

Utdanningsdirektoratet sende i vår ut høyring om fleksibilitet i fag- og timefordelinga i vidaregåande opplæring. Frist for å gi uttale var 10. august. Då det ikkje var råd å handsame uttalen før høyringsfristen, blei uttalen sendt med atterhald om politisk handsaming.

Forslaget om å innføre fleksibilitet i fag- og timefordelinga i vidaregåande opplæring inneber at fag kan takast på andre trinn enn det som er gitt i forskrift om fag- og timefordeling. Elevane skal likevel ha alle faga med tilhøyrande minstetimetall i løpet av ordinær opplæringstid. Den føreslegne fleksibiliteten er frivillig å bruke for skuleeigar. Skuleeigar kan ikkje tilby andre utdanningsprogram eller programområde enn dei som går fram av den eksisterande tilbudsstrukturen.

For å oppfylle krav til vitnemål skal elevar som følgjer ei alternativ fag- og timefordeling, ha det same talet obligatoriske eksamenar som elevar med ordinær fag- og timefordeling. Gjeldande trekkordning for eksamen skal også omfatte elevar som følgjer ei alternativ fag- og timefordeling. Trekkordninga for eksamen er regulert på trinn. Når fag blir flytta mellom trinn, må skuleeigar vere spesielt merksam på at det obligatoriske kravet til eksamenar blir oppfylt for alle elevar.

Skuleeigarar som ønskjer å tilby alternative løp, må gjere dette innanfor eksisterande økonomiske rammer. Når elevar flyttar frå eit fylke til eit anna og går frå eit alternativt til eit ordinært løp, vil dette kunne få økonomiske konsekvensar for mottakarfylket/skulen fordi eleven vil kunne ha trong for ekstra opplæring i fag for å få vitnemål.

Hordaland fylkeskommune sende høyringsuttale innan fristen, og uttalen går i heilskap fram av saksutgreiinga. Uttalen blei sendt med atterhald om politisk handsaming.

Lenke til Utdanningsdirektoratet sitt høyringsbrev:

<http://www.udir.no/Upload/hoeringer/2014/h%C3%B8ring%20forslag%20veiledende%20fag-%20og%20timefordeling%20per%2029%204%202014.pdf?epslanguage=no>

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til høyringsuttalen i saksutgreiinga.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 20.08.2014

Under følgjer høyringsuttalen Hordaland fylkeskommune sende til Utdanningsdirektoratet, og blei gitt med atterhald om politisk handsaming. Uttalen blei levert digitalt gjennom Udir sitt høyrings skjema. Direktoratet ønskte tilbakemeldingar på dei fire punkta under.

1) Det er foreslått at skuleeigar må fastsetje lokale forskrifter for fag- og timefordeling for alternative løp for å sikre elevane sine rettar.

Argumenta i høyringsutkastet dreiar seg i stor grad rundt at skuleeigar skal få større fleksibilitet gjennom at ein slepp å søkje om forsøk viss ein ønskjer ei anna ordning enn den nasjonale fag- og timefordelinga. På den andre sida blir det i noko mindre grad argumentert med på kva måte ei fleksibel ordning kan gi tilpassa tilbod til ulike elevgrupper.

Vurderingar av forslaget

Elevar byter ofte skule mellom Vg1/Vg2/Vg3 og flyttar frå eit fylke til eit anna. Høyringsnotatet problematiserer då at skuleeigar må leggje til rette for at elevane ikkje blir skadelidande når ein har ulik fag- og timefordeling hjå avgjevar- og mottakaraskule.

Ved innføring av ei alternativ fag- og timefordeling kan det gjere det krevjande å sikre at elevane får sine rettar oppfylt når det gjeld krav til vitnemål. Elevane må oppfylle krav til fag, timar og tal eksamenar.

Dette er utfordringar ein kan løyse for dei elevane som startar og avsluttar opplæringa i eitt og same fylke. Alle elevar skal ha høve til å kunne følgje og fullføre eit utdanningsløp som gir vitnemål, og i eit fylke som Hordaland med knappe 20 000 elevar, fritt skuleval og høg mobilitet hos elevane, fordrar det at det ikkje bør vere fleire ulike lokale løysingar.

Det kan til dømes bety at yrkesfaglege utdanningsprogram har ei og same fag- og timefordeling. Ei løysing kan då vere å leggje eit fellesfag, som t.d. norsk, samla på Vg1 med grunngevingar som å styrkje grunnleggjande ferdigheiter og å ha eit høgare læringstrykk enn kva dagens ordning legg opp til. Same prinsipp må gjelde for studieførebuande utdanningsprogram. Det må vere ei og same løysing i eit gitt fylke.

Det vil derimot vere meir utfordrande å sikre at elevar som kjem frå eit anna fylke med ei anna fag- og timefordeling får oppfylt sine rettar. Dette problematiserer også høyringsutkastet utan å gå nærare inn på det enn at det er mottakarfylket sitt ansvar å syte for at elevane sine rettar blir oppfylt.

I eit byte mellom fylke kan då elevane ha krav på opplæring i eitt eller fleire fag som er avslutta på det aktuelle trinnet i mottakarfylket. Det vil medføre kostnader for skuleeigar og skulane og gi praktiske utfordringar med tanke på timeplanlegging og disponering av lærarkrefter. Det kan også vere utfordrande for skulane å kvalitetssikre den totale fag- og timefordelinga for desse elevane og syte for at elevane får den dokumentasjonen dei har krav på.

Når skuleeigarar har ulike modellar for fag- og timefordeling, kan ein stille spørsmål om rettssikkerheita til elevane i stor nok grad blir teken i vare ved flytting mellom fylke.

I høyringsutkastet er det presentert ein modell som gjev helsearbeidarelevar ein alternativ veg til studiekompetanse. Denne modellen fordeler timar og fag som eleven har på Vg1 og Vg2, samt Vg3 påbygging over tre år. Utdanningsdirektoratet sitt statistikknotat 03 2014 viser at dei fleste elevane vel Vg3 påbygg fordi dei ønskjer det, og at dette er eit planlagt løp mot høgare utdanning. I eit slikt perspektiv kan ei fleksibel løysing gi ei jamnare fagfordeling og eit mindre belastande arbeidsår på Vg3, som potensielt kan redusere stryk- og IV-prosent. Dette er positive effektar av ei lokal fag- og timefordeling, og eit slikt tilbod bør rettast inn mot dei elevane som har gjort eit bevisst val tidleg, og bør marknadsførast deretter.

Om det blir vedteke ein fleksibilitet for skuleeigar, må det lokalt i det vidare arbeidet gjerast vurderingar om kva som vil tene elevane og samfunnet generelt. Mellom anna vil slike vurderingar måtte ta inn over seg

høvet mellom kva yrkeskompetanse samfunnet har behov for, og i kva omfang, og målet om auka gjennomføring. Medan auka gjennomføring er eit sentralt mål i alt arbeid, må ein ikkje lage til enda ein veg for elevane til å velje opplæringsløp som gir studiekompetanse framfor yrkeskompetanse, jf. modell for helsearbeidarfag-elevar med treårig løp til studiekompetanse. Fleire slike ulike modellar mellom fylka vil også kunne vere problematisk når ein elev av ulike årsaker flyttar til eit anna fylke og skal fortsetje opplæringa. Gir mottakarfylket då ikkje det tilbodet eleven har starta på, vil det oppstå utfordringar knytt til fag-/timefordeling, ressursar o.l, som vist til tidlegare i uttalen.

Oppsummert støttar Hordaland fylkeskommune at skuleeigar må fastsetje lokale forskrifter, men ber om at synspunkta over blir tekne med i det vidare arbeidet i Utdanningsdirektoratet.

2) Elevar som følgjer alternativ fag- og timefordeling/alternative løp, skal følgje den gjeldande trekkordninga og ha det riktige talet obligatoriske eksamenar. Det er skuleeigar sitt ansvar å ivareta elevane sine rettar når det gjeld trekkordning og talet eksamenar.

Hordaland fylkeskommune støttar at elevar som følgjer alternativ fag- og timefordeling skal ha det same talet obligatoriske eksamenar som elevar med ordinær ordning.

I høringsutkastet står det at trekkordninga er regulert på trinn. Når fag blir flytta mellom trinn må skuleeigar vere merksam på at det obligatoriske kravet til eksamenar blir oppfylt. Dette må vektleggjast under utforming av lokal forskrift. Direktoratet skriv at det i første rekkje skal takast omsyn til elevane som følgjer ordinær modell, men ein bør, så langt det er mogeleg, leggje til rette for at elevane som følgjer alternativ fag- og timefordeling, kan bli trekte ut til eksamen det same skuleåret opplæringa blir avslutta og standpunktarakter blir sett.

Eit hovudargument for å innføre ei alternativ fag- og timefordeling må vere å auke læringsutbyttet og fullføringa til elevane. Ein kan då stille spørsmålsteikn rundt det å eventuelt måtte gjennomføre eksamen fleire månader etter at opplæringa er avslutta og standpunktarakter er sett. Som det står i høringsutkastet, kan det i ein del tilfelle vere naudsynt å fordele eksamenar over fleire semester. I fag med lokal eksamensordning vil det vere lettare å få til eksamen i same semester som opplæringa blir avslutta, men ved sentralt gitt eksamen vil dette vere meir krevjande å få til i praksis. Ein fare ved å arrangere eksamen lenge etter at opplæringa er slutt, kan vere at delen elevar som består og fullfører, går ned.

3) Det er foreslått at privatskular ikkje skal omfattast av ordninga og at privatskular må sende søknad til Utdanningsdirektoratet dersom dei vil ha ny eller endra fag- og timefordeling.

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget om at privatskular må søkje Utdanningsdirektoratet om dei ønskjer ny eller endra fag- og timefordeling.

Sjølv om ein elev startar på ein privat vidaregåande skule på Vg1, skjer det likevel at elevar byter mellom private og offentlege skular mellom trinna. Det er derfor særskilt viktig at private skular får eit informasjonskrav overfor sine elevar, slik at elevane ikkje tek skuleval mellom trinna på manglande informasjonsgrunnlag.

4) Generelle kommentarar til forslaget.

Høringsuttalen frå Hordaland fylkeskommune blir gitt med atterhald om vedtak ved politisk handsaming.